

*TYSVÆR KOMMUNE*

# KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2012

---



KONTROLLUTVALET  
TYSVÆR KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2012.

I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*”.

---

### 1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

---

### 2. UTVALET SI SAMANSETNING

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011- 2015 har Tysvær kommunestyret vald følgjande 5 faste medlemmer:

#### **Faste medlemmer**

Leiar	<b>Jakob Alstveit</b> (Sp)
Nestleiar	<b>Laila M. Ramstad Nemeth</b> (A)
Medlem	<b>Randi I. Rettedal</b> (Frp)
Medlem	<b>Tormod Førland</b> (H)
Medlem	<b>Gunnar Egge</b> (V)

#### **Varamedlemmer:**

1. Hanna Marit Molland (A)
2. Rita Bårdsen Førland (Krf)
3. Trond Fludal (H)
4. Ole Andreas Stakkestad (Sp)
5. Torbjørn Berge (H)

Tormod Førland er også kommunerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i møte 20.06.11, sak 66/11.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2012

---

Kontrollutvalet har i 2012 hatt 4 møte fordelt på to møte på våren og to om hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse, då utvalet i 2011 vedtok å ha opne møte (§ 77 nr 8). Utvalet held sine møte i Kårstørommet i Tysvær rådhus.

Utvalet har i 2012 hatt **26** (25) saker til handsaming og **32** (45) saker til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det laga oversyn over dei saker som er lagt fram for kontrollutvalet.

Gunnar Egge deltok på konferanse i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen 02.-3.02.12. Ingen deltok på Forum for kontroll og tilsyn sin konferanse i juni. Leiar Jakob Alstveit deltok på haustkonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 01.11.12.

---

#### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

##### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 22.05.12 kommunen sin årsrekneskap for 2011 til handsaming. Revisjonen hadde ikkje atterhald eller presiseringar, men kontrollutvalet ba kommunestyret spesielt ha fokus på kommunens låneutvikling.

##### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret.

Etter planen for 2008-2011 skulle det vore gjennomført forvaltningsrevisjon innan innkjøp og innkjøpssamarbeid, men rapport blei ikkje levert av Haugaland kommunerevisjon som lova.

Som eit forvaltningsrevisjonsprosjekt vedtok kontrollutvalet å engasjere KPMG AS til å utarbeide ein overordna analyse som bygde på ein risiko- og sårbarheitsanalyse. Analysen og utkast til plan blei presentert i på møte i november.

Tysvær kommune sin nye plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 91/12.

Under føresetnad av at planen blei godkjent av kommunestyret bestilte utvalet eit prosjektmandat om «Samarbeid på tvers av tenesteområda» til møte i mars.

### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 18.11.12, sak 90/12.

Kontrollutvalet vedtok i 2012 å delta i selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA) i lag med dei andre eigarkommunane. Rapporten frå Rogaland Revisjon IKS var klar i desember og vil bli lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret i mars.

Tilbakemelding frå Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) på oppfølging av selskapskontrollen i 2011 blei handsama av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2012.

### **4.4 TILSYN MED REVISJONEN**

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor fram til 30.06.12 og Willy Hauge i KPMG AS frå 01.07.12.

Tysvær kommunestyre vedtok i 2011 å seie opp avtalen med Haugaland kommune-revisjon og det tidligare interkommunale samarbeidet blei oppløyst frå 30.06.12. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN før nyttår og ved utløp av anbudsfristen 30.01.12 var det komme inn tilbod frå 4 anbydarar. Det vart den 08.02.12 halde forhandlingar med alle anbydarane og i etterkant blei nye pris levert.

Kommunestyret valde KPMG AS som ny revisor i møte 27.03.12, sak 25/12, slik kontrollutvalet hadde gjeve innstilling på. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 1 år.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ny revisor v/partner Trond Kampen har deltatt på møta i haust. Dei har hatt presentasjon av firma og lagt fram si overordna revisjonsstrategi/plan for revisjonsarbeidet.

### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Fylgjande personer frå administrasjonen har vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere: rådmannen, økonomi sjef og teknisk sjef.

Utvalet har hatt spørsmål knytte til sluttarbeid ved kyrkjegarden i Hindervåg, kommunen sin praktis knytte til forvaltning og innkrevjing av kommunale avgifter for vatn, avløp og feiing.

Utvalet har også diskutert sjukefråværet, manglande journalføring i avtale med Gassco, opprop og protokollføring av utvalsleiar i kommunestyremøte og kommunen si avtale med Sysco Arena AS.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, økonomiplanar, KOSTRA-tall, sjukefråversrapportar osv.

#### **4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL**

Kontrollutvalet handsama hausten 2012 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2013. Totalt var framlegg til budsjett på kr 634.000 eks mva. Av dette utgjorde kr 400.000 til revisjonstenester, kr 160.000 til sekretariattjenester og kr 74.000 til utvalet si eige verksemd. I kommunestyremøte 18.12.12 blei budsjettet vedtatt. Utvalet hadde då lagt inn 250 timer til forvaltningsrevisjon og selskaps-kontroll.

Utgiftene skal først i KOSTRA på funksjon 1100, slik at ein kan samanlikne med kva andre kommunar brukar på kontroll og tilsyn.

---

#### **5. SEKRETARIAT**

---

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei stifta i 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivarettatt av to tilsette. Rådgjevar hadde fedrepremisjon i 12 veker på våren og valde så og seie opp i prøvetida. Ny rådgjevar blei tilsett 01.08.12. For dagleg leiar har det vore eit svært travelt år med nye folkevalde, nytt styre og representantskap, konkurranseutsetting av revisjon, bistå med at planarbeidet kom i hamn og tilsetjing av ny rådgjevar. Sekretariatet har no kontakt og samarbeid med 4 revisjonselskap.

Aasmund Austerheim er leiar av representantskapet og Arne Gjerde er nestleiar i styret for IKSet.

---

#### **OPPSUMMERING**

---

Aktiviteten i 2012 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon klart mindre enn forventa i følgje tidligare vedtatt plan. Året har vore prega av å få på plass ny revisjonsordning og nye planar for dei neste fire år. Ved sekretariatet har permisjon og skifte av rådgjevar ført til at det har vore eit svært travelt år.

\*\*\*\*

Jakob Alstveit (Sp)  
leiar (sign.)

Laila Ramstad Nemeth (A)  
nestleiar (sign.)

Gunnar Egge (V)  
(sign.)

Tormod Førland (H)  
(sign)

Randi I. Rettedal (Frp)  
(sign)